

Oslo 20/3 1975

DS i Trøndelag, Hordaland, Østfold
Årsrapportane

OU vi skarpt kritisere DS for den seine innleveringa av årsrapportane for 1/1-75.

Den seine innlevering har skapt vanskar for det sentrale arbeidet med klasseanalyse av partiet og analyse av medlemsutviklinga for övrig. Denne årlege analyse av partiet er viktig for at SK skal kunne ha oversyn over viktige sider ved partiet, og analyse er viktig for den proletariseringskampanja som går no og for planlegginga av årsplanane generelt. Når årsrapportane for så store og viktige deler av partiet manglar/kjem fleire månader for seint, fører dette til at heile analysa vert forsinka.

Vi krev svar frå DS på grunnen til dette, og kva tiltak DS vil ta for å sikre at dette ikkje skjer felire gonger.

OU vil vidare innksjerpe at kvartalrapportar skal leverast inn for kvart kvartal, samstundes med kontingentinnbetalinga - dvs. i første halvdel av månaden etter kvartalslutt. L.kvartal skal altså i første halvdel av april.

Kameratsleg helsing
OU

Tillegg til DS i Trøndelag

OU er misnögd med det rapportsystemet som DS har teke i bruk. Vi er samd i at det finst veikskapar ved vårt opplegg, og vi vil prøve å rette dei. MEN med det systemet som de nå brukar, får vi ikkje ei einskapleg klasseanalyse av partiet. Fordi de brukar andre inndelinger enn oss, og til dels plasserer folk i andre grupper enn det vi gjer. Det finst uklare punkt i vår klasseanalyse (kanskje usemje og), og m.a. av den grunn må vi ha retten til å gjere klasseinndelinga.

Altså: vi vil ha yrkestittlar og vi vil gjere klasseinndelinga sjöve.

Kameratsleg helsing
OU